



Helge Husebø
Kårbø 9
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/171 - 17/2016

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

01.02.2017

Referat frå valdleiar møte 31.01.2017

Møtet vart halde på 31.01.2017 på rådhuset på Frekhaug. Tilstade var representantar frå valda og Marius Flemmen Knudsen frå Meland kommunen. Rådman i Meland kommune Ingvild Hjelmtveit møtte også.

Saksliste:

1. Oppsummering og erfaringar frå jakta 2016

Møtet starta med ein gjennomgang av fellingsresultata frå 2016. Det vart i 2016 delt ut 131 løyver, og det var felt til saman 110 dyr. Dette gjev ein fellingsprosent på 84%, som er 20 prosent høgare enn 2015. Auke i fellingsprosenten skuldast truleg at kvotane vart redusert i 2015 samstundes som det var skutt noko fleire dyr. Det vart sett færre dyr totalt sett under jakta basert på sett hjort skjema, men det vart også jakta mindre enn tidligare år. Sette dyr pr. jegerdag har gått opp frå 2015. Det er lokale variasjonar i kommunen i kor mykje dyr som er sett og skutt. Enkelte områder har sett meir, nokre område har sett omtrent same som tidligare medan nokre områder har sett mindre. Det store linjene for kommunen kan tyde på at bestanden har vorte stabil, men det er vanskeleg å tolke ut frå 1 år aleine.

2. Kvotar og avskyting i 2017

Det vart diskutert i plenum tankar kring jakta i 2016 og kvotane for 2017. Det var oppslutning om å leggja kvotane for 2016 på same nivå som dei var i 2016. Det vart poengtert frå kommunen at det bør prioriterast å skyta unge dyr og spare eldre produksjonsdyr. Valda har vore flinke til dette i 2016 og det har vore eit større uttak av yngre dyr, i tråd med ønsket frå kommunen i 2016.

3. Bestandsplanprosjektet

Kommunen summerte kort opp status og vegen vidare for bestandsplanprosjektet i Nordhordland. Og informerte om at valda, samt kommunen snart må ta stilling til bestandsplanområde. Det vart diskutert forskjellige alternativ, og det kom fram eit ynskje om å lage ein felles bestandsplan for Meland kommune. Det vart diskutert litt vegen vidare med ein felles bestandsplan. Kommunen skal undersøke litt kring vegen fram til ein felles bestandsplan, og vil invitere til eit nytt møte om dette i mars

4. Sett hjort og bruk av kunstig lys på ettersøk

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen meldte at utfylling av sett hjort skjema har vorte veldig bra. Alle vald/jaktfelt har levert inn skjema og dei har vore korrekt utfylt. Kommunen opplyste at det ikkje har vorte nytta kunstig lys på ettersøk i 2016. Men minte samtidig om plikta til å varsle politiet, kommunen og grunneigar før ein nytta kunstig lys på ettersøk.

5. Eventuelt

Etter spørsmål summerte kommunen kort om bruken av viltfondsmidlar i 2016, og førebels status pr. nå i 2017. Kommunen informerte også om at dei ynskjer å få inn frå valda dei eigedommane som er med i valda. Det har vore mykje utbygging i kommunen dei seinare åra, og kommunen ynskjer å justera tellande areal for valda slik at riktige tall er tilgjengelige for vald og kommunen. Kommunen ynskjer også å kartfesta kor vald grensene er i dag.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Kopi til:

Ingvild Hjelmtveit

Mottakere:

Helge Husebø	Kårbø 9	5917	ROSSLAND
Jan Audun Sagstad	Indre Sagstad 47	5918	FREKHAUG
Roar Sudmann	Hjelten 16	5918	FREKHAUG
Sigve Eldøy	Lyngnesvegen 6	5917	ROSSLAND
Steinar Sunnhordvik	Ådlandsvegen 333	5918	FREKHAUG
Terje Erstad	Melandsvegen 260	5918	FREKHAUG
Terje Hilland	Skarpenesvegen	5918	FREKHAUG
	120		
Tor Husebø	Øvredalsvegen 64	5918	FREKHAUG